

## PÅMELDING TIL ABONNEMENTSORDNINGA FOR SKULEMJØLK SKULEÅRET 2010/2011

### ENDELEG ER SKULEMJØLKA PÅ INTERNETT!

Det er ingen tvil om at eit godt skulemåltid med brød og mjølk betyr mykje for konsentrasjonsevna og læringsmiljøet i klassa, då påfyll midt på dagen hjelper til å halde blodsukkeret stabilt.

Mjølk er naturleg rik på vitaminar, mineralar og protein som kroppen treng kvar dag. Skjelettet fornyar seg om lag kvart sjuande år gjennom heile livet. Kroppen blir heile tida tappa for kalsium, og tapet må erstattast med kalsium frå kosten. Mjølk er den viktigaste kalsiumkjelda i norsk kosthald, og med tre glas per dag sikrar du inntaket. Det kan vere vanskeleg for barn og ungdom å få i seg nok kalsium dersom dei ikkje drikk mjølk til lunsj.

### NYTT TILBOD I ÅR!

### VÅR SKULE HAR VALT Å DELTA I SKULEMJØLKSORDNINGA PÅ INTERNETT, SÅ NO KAN FØRESETTE TINGE OG BETALE SKULEMJØLKA SJØLV – DIREKTE TIL TINE!

Gå inn på [www.skolemelk.no](http://www.skolemelk.no) for tinging av abonnement.

Registrer deg som ny brukar under føresette. Her registrerer du namn på føresette, e-postadresse, telefonnr. og vel eit sjølvvalt passord.

Registrer elev(ar) og opprett abonnement. Du kan velje å betale med kredittkort (gebyrfritt) eller faktura (gebyr). Du vil få ei stadfesting på tinginga på e-post frå TINE skulemjølk. Her vil du sjå kva som blir første dagen for levering og kor mange dagar betalinga/abonnementet gjeld for. Du betaler frå første dagen mjølka blir levert.

Skulemjølka er foreldrebetalt. Abonnementet blir teikna for ½ eller 1 skuleår om gongen. Du kan når som helst i løpet av skuleåret melde på barnet ditt, men vi oppfordrar alle til å gjere dette så fort som mogleg, og helst før 1. september, slik at skulen raskt får oversikt over dei som har meldt seg på. Kva for ein mjølketype barnet ditt kan velje avheng av kva for eit sortiment skulen har valt. Produktoversikt finn du på framsida av [www.skolemelk.no](http://www.skolemelk.no).

Dersom du ikkje har tilgang til Internett, kan du spørje ein lærar på skulen om han/ho kan hjelpe deg å tinge. Treng du hjelp av TINE, sjekk først "Ofte stilte spørsmål" på framsida av [www.skolemelk.no](http://www.skolemelk.no), les brukarvilkåra eller send oss ein e-post på [skolemelk@tine.no](mailto:skolemelk@tine.no). Dersom du ikkje finn svar her, kan du ringje vår supporttelefon kvardagar mellom klokka 08.00–16.00. For kontaktinfo sjå [www.skolemelk.no](http://www.skolemelk.no)

Med vennlig helsing

TINE SKULEMJØLK

